
Vår referanse	2021/20039-1
Dato	26.05.2021

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Varsel om ny oppstart av fredning med heimel i lov om kulturminne §§ 15 og 19 – Sandviksbodene 12-24 – gnr.168/bnr. 332, 334, 335, 336, 338, 339, 340, 341, 1905, 1997 mfl. – Bergen kommune

Vestland fylkeskommune varslar med dette oppstart av fredingssak for Sandviksbodene 12-24, med heimel i lov om kulturminne §§ 15 og 19, jf. § 22.

Omfanget av fredinga:

Fredingsforslaget etter § 15 vil omfatte følgende bygningar, som vist på kartet nedanfor:

- Sandviksbodene 15 A, gnr. 168 bnr. 334, bygningsnr. 139326970 (Askeladden-ID 91811-1)
- Sandviksbodene 15 B, gnr. 168 bnr. 334, bygningsnr. 139326970 (Askeladden-ID 91811-2)
- Sandviksbodene 16, gnr. 168 bnr. 335, bygningsnr. 139326989 (Askeladden-ID 91811-3)
- Sandviksbodene 17, gnr. 168 bnr. 336, bygningsnr. 139326997 (Askeladden-ID 91811-4)
- Sandviksbodene 19 A, gnr. 168 bnr. 338, bygningsnr. 139327004 (Askeladden-ID 91811-5)
- Sandviksbodene 19 B, gnr. 168 bnr. 338, bygningsnr. 139327004 (Askeladden-ID 91811-6)
- Sandviksbodene 20, gnr. 168 bnr. 339, bygningsnr. 139327012 (Askeladden-ID 91811-7)
- Sandviksbodene 21, gnr. 168 bnr. 1905, bygningsnr. 139817486, eldre (vestlege) del (Askeladden-ID 91811-8)
- Sandviksbodene 23, gnr. 168 bnr. 340, bygningsnr. 13915202 (Askeladden-ID 91811-9)
- Sandviksbodene 23 gnr. 168 bnr. 340, naust, bygningsnr. 13915202 (Askeladden-ID 91811-10)
- Sandviksbodene 24, gnr. 168 bnr. 341, bygningsnr. 13915210 (Askeladden-ID 91811-11)
- Sandviksbodene 12-13, gnr. 168 bnr. 332, bygningsnr. 139326962 (Askeladden-ID 91811-12)

Fredingsforslaget vil omfatte eksteriøret og interiøret til bygningane, og inkluderer hovudelement som planløysing, materialbruk, overflatebehandling og detaljar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstadar og fast inventar.

Fredingsforslaget vil òg kunne omfatte eit større område rundt bygningane, som er tenkt freda etter § 19 i kulturminnelova. Føremålet med dette er å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet og sikre at nye tiltak innanfor dette området tek omsyn til opplevinga av sjøbumiljøet. Dette området vil omfatte sjøarealet framfor buene, inkludert eit areal utanfor «Tangen» (fyllinga framfor bod 16 og 17), arealet mellom buene og Sjøgaten, samt eit areal utanfor buene i sør og nord. Nøyaktig avgrensing av § 19-området vil skje gjennom arbeidet med fredingsforslaget.



Kjelde: Bergenskart

Grunngjeving

Fredingsaksa er ei oppfølging av Hordaland fylkeskommune sitt vedtak av 24. juni 1992 om mellombels freding av Sandviksbodene 15-24. I tillegg vert også Sandviksbodene 12-13 foreslått freda, då denne bygningen er ein verdifull del av det same bygningsmiljøet og danner ei naturleg avslutning av dette mot sør.

Sandviksbodene 12-24 er eit bygningsmiljø ved sjøfronten i Sandviken med i alt 12 bygningar, til dels bygde saman med kvarandre slik at dei utgjer fire bygningskompleks. Bygningane er tradisjonelle bergenske sjøbuer, med lafta lagerrom i opptil tre etasjar, forbunde med svalgangar, utvendig panelte og med tegltekta saltak. Den eldste av dei kan vere frå rundt 1660, dei fleste er frå 1700- eller første del av 1800-talet. Opphaveleg stod buene ute i sjøen; i dag er areala mellom og framfor dei til dels fylt ut. Bygningane har, sidan dei vart mellombels freda, vore gjennom ein omfattande restaurering. Dei fleste er eigd av Bergen kommune og rommar kystkultursenter og fiskerimuseum, medan nokre er i privat eige og vert brukt som bustad og verkstad.

Sjøbuene i Sandviken er særst verdifulle kulturminne og er karakterisert som eit hamneteknisk kulturminne av internasjonalt format. Hamna var utgangspunktet for plasseringa og framveksten til Bergen, og like opp til moderne tid var sjøvegs handel det økonomiske fundamentet for byen. Bergen

var eit knutepunkt i det nordeuropeiske handelsnettverket og sentrum for den internasjonale tørrfiskhandelen, noko som førte til eit stort behov for lagerplass. På 1800-talet var det rundt 800 pakkbuer langs sjøkanten, på Nøstet, rundt Vågen, og i Skuteviken og Sandviken, og rekka av buer var eit av dei dominerande innslaga i bybiletet.

Dei aller fleste sjøbuene er forsvunne i løpet av 1900-talet, gjennom brannar og riving. Ved sida av den attverande delen av Bryggen, er rekka av sandviksbuer frå nr. 12 til nr. 24 den største intakte, samanhengande delen av dei bergenske sjøhusa. Trass i store, nyare innslag i nærleiken - næringsbygg, fyllingar i sjøen og bilveg - er det òg ein del igjen av det gamle miljøet rundt buene, med sjøen på framsida, og grendene med bustadhus bakanfor. Etter istandsetting og restaurering dei siste 15 åra er buene no i god teknisk stand og tilrettelagde for ny bruk, samstundes som karakteristiske og verdifulle arkitektoniske kvalitetar er tekne i vare eller reetablerte.

Vidare saksgang

I samsvar med lov om kulturminne § 22-1 andre ledd, vil varsel om oppstart av fredingssak bli kunngjort i Bergens Tidende, Bergensavisen og Norsk lysingsblad.

Vi ber om at eventuelle merknader til fredingsforslaget vert merka med saksnummer. 2021/20039 og sendt til Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen, eller på e-post til post@vlfk.no. Høyringsfråsegn til fredingsforslaget må være fylkeskommunen i hende innan 31. august 2021.

Fredingsforslaget vert deretter utarbeidd og lagt ut til offentlig ettersyn. Saman med merknadene som kjem inn, vert det så sendt på andre gongs høyring til bystyret. På bakgrunn av høyringsinnspela vert fredingsforslaget eventuelt endra, før fylkeskommunen sender det til Riksantikvaren, som gjer det endelege vedtaket om freding.

Den mellombelse fredinga står ved lag inntil fredingssaka er ferdig handsama. Dette inneber mellom anna at ein må søke kulturminnestyresmaktene om løyve til å sette i verk alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Johannes Aasen Sandved
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste				
BERGEN KOMMUNE ETAT FOR UTBYGGING	Postboks 7700	5020	BERGEN	
VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN	
SANDVIKEN 9-10 AS	C/O Sentrum Regnskapskontor AS Skuteviksbodene 18 - 19	5035	BERGEN	
GREVSTAD EIENDOM SANDVIKEN AS	Heiane 2B	5131	NYBORG	
BERGEN OG OMLAND	Byrådsavdeling - BFNE 4. etasje	5016	BERGEN	
HAVNEVESEN	Allehelgens gate 5			
John Audun Hauge	Sandviksbodene 19	5035	Bergen	
Inger Marit Saastad	Sandviksbodene 19	5035	Bergen	
KRISTIANSHOLM AS	c/o OBOS BBL Postboks 6666 St Olavs plass	0129	OSLO	
KARSTEIN B VÅGENES AS	Postboks 93 Sandviken	5812	BERGEN	

BYANTIKVAREN

Postboks 7700

5020 BERGEN

Kopi til:

RIKSANTIKVARE Postboks 1483 Vika
N